

# EI STJERNA LYTE

Eit krigsminne  
Av Magne Nødland



Eg trur ingen av oss eldre nokon sinne kan gløyma den ufattelege gleda då bodskapen om freden kom den åttande mai 1945. Mot grankledde liar falda det norske flagget seg ut. Dei lange, tunge åra var slutt.

I desse dagane går tankane ofte attende til april dagane i 1940. Om morgonen den 10. april tok eg ut frå arbeidsplassen min i Maudal. På ski over fjellet til Byrkjedal melde eg meg til ein norsk offiser der. Han sa eg var for ung. "Hjelp til der det trengst!" sa han. Med dei orda, som eg hugsar så godt, var eg snart heime.

På Handelslaget som far var styrar på, trengdest all den hjelp han kunne få. Med ein varemotorsykkel

køyrde eg ut rekvirerte varer til offiserar og soldatar. Der kom meldingar om kampar. Bygda og bygdene ikring var i krig. Dei fyrste fangane kom. Den 17. april kom tyskarane til Ålgard. Fjorden inn til Dirdal vart sperra. Ingen båtar med proviant og varer. Det hardna til. Far sende mor og dei to yngste brørne (Eivind og Roald, 10 og 6 år) til mormor i Frafjord. Den 20. april la eit tysk krigsskip dalen under eld med kanonane sine. Fleire hus vart skadde, men som ved eit Guds under, vart ingen drepne. Vi laut flytta lenger opp i dalen, for nede ved fjorden kunne vi ikkje halda til lenger. 21. april angreip jagarfly. Dei kom brølande inn fjorden. Med knitrande maskingevær skaut dei på alt og alle. Far tenkte på mor som var i Frafjord. Hadde dei mat nok? På Nødland, som var heimen til far, var vi samla alle no. Etterkvart stilna flyåtaka og vi fekk oss litt mat. "Eg trur vi kan prøva å koma oss til Frafjord", sa far. Vi tok i veg. På nordsida av dalen fylgde vi gamlevegen til sjøen, smaug oss bort til Handelslaget og tok med oss ein kveitemjølsekk og ymse anna. Pa veg til båten kom flya brølande igjen, og vi kasta oss ned bakom eit steingjerde. Opp igjen - og snart etter tøffa båten inn mot Frafjord. Tett inntil dei dei bratte fjellsidene smaug vi oss. Vi fortøya båten, og far, dei to systrene mine Kari, Helga, krambujenta Anny Skjæveland (no gift med Torvald Dirdal) og eg tok straks i veg opp til mormor (Hanna Frafjord). Det var som vi var komne frå eit stormfylt hav til ei lun og stille hamn.

Utpå ettermiddagen laut vi tilbake igjen. Vi tøffa utover ein blank og roleg fjord, tett inntil fjellet. Vi smaug oss rundt Mulen, stoppa opp og venta på signal om å koma til land. Det var så mistenkeleg stille. Det small to skot. Kulene slo ned i sjøen tett inntil båten. Vi trudde det var varselskot frå vakta på kaien, og derfor hoppa eg opp på motorkassa og veiva med lua, men det hjalp ikkje. Det kom fleire skot, og no såg eg at dei kom frå Kleppen i Røyr dalen, og etter nedslaga i sjøen såg eg at dei hadde retning beint mot oss. Kulene kvein og small forbi hovuda og rett i fjellveggen på sida vår. "Kast dykk ned!" ropa far. No sette to maskingevær i gang med ein endelaus straum av kuler mot oss og båten. Eg kjende eg vart våt av kulene som spruta i sjøen. Tyskarane skaut og skaut. Hjelpelause låg vi der. Det small i båten - ei kule slo gjennom og traff i skoen til Kari. Heile tida fekk eg med eine handa manøvrera båt og motor slik at vi fekk snu. Men det gjekk så seint! Aldri før har eg vore så redd, men eg var på ein merkelig måte så klar i hovudet at eg visste korleis eg skulle styra for å berga oss...

Mellom lyden av skot og motor høyrde eg far låg og bad. Eg høyrde orda: "Lat viljen din råda!" Etter uendeleg lang tid fekk vi smyga oss rundt Mula på veg inn til Frafjord att. Livet var kome attende i båten.

EI STJERNA LYSTE på den seine ettermiddagshimmelen. Far song "Ingen er så trygg i fare" medan vi tøffa innover fjorden. Ein vond og uhyggeleg dag var til ende den 21. april 1940.

(Menighetsblad for Gjesdal nr 4 1995)